

Saksbehandlar: Ida-Beate Mølmesdal, Fylkesrådmannen
 Sak nr.: 16/3972-4

Regional plan for klimaomstilling

Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:

Planprogram for Regional plan for klimaomstilling vert, med heimel i plan- og bygningslova § 8-3, lagt ut på offentleg høyring fram til 2. januar 2017. Jf. vedlegg.

Vedlegg:

- Regional plan for klimaomstilling, planprogram, høyringsutkast, oktober 2016

SAKSFRAMSTILLING

1. Samandrag

Framlegg til planprogram for utarbeiding av regional plan for klimaomstilling vert lagt fram for utlegging til offentleg høyring fram til 02.01.2017. Klimaomstilling er løfta fram som ein av dei sentrale utfordringane for fylket vårt. Dette gjeld både tema innan utsleppsreduksjon og klimatilpassing. Det vert ei krevjande oppgåve å nå måla i Parisavtalen. Planarbeidet skal skje i samarbeid med regionale aktørar, eksisterande regionale klimagrupper - både internt i fylkeskommunen men også styringsgruppa for regionalt klimasamarbeid. Sentrale deler av næringslivet og viktige organisasjonar må også bidra inn mot regional plan.

Med grunnlag i høyringa vil det bli lagt meir detaljerte rammer for arbeidet, m.a. knytt til organisering, formelle møteplassar, behovet for ev. ekstern kompetanse, budsjettmidlar mv.

2. Bakgrunn for saka

I arbeidet med regional planstrategi vart klimautfordringane løfta fram som ein av fem hovudutfordringar for fylket. Vedtatt planstrategi peikar på revidering av gjeldande fylkesdelplan for klima og miljø som prioritert planarbeid frå 2016-20 (sak 23/16, 14.06.2016). Utarbeidd planprogram er fyrste steg på vegen mot revidert regional plan. For å halde framdrifta med mål om å gjennomføre planarbeidet innan utgangen av 2017, bør planprogrammet no leggjast ut på høyring.

Historikk - tidlegare vedtak

Gjeldande fylkesdelplan for klima og miljø blei vedtatt i 2009, og byggjer på Kyoto-protokollen (2009). I etterkant av denne er Paris-avtalen vedteken. Denne avtalen blei vedtatt under klimatoppmøtet i 2015, og klima- og miljøministeren ratifiserte avtalen på vegne av Noreg. Avtalen trer i kraft 4. november i år. Det er eit omfattande arbeid å oppfylle forpliktingane i Paris-avtalen, og nettopp difor treng fylket ein ny regional plan som tek innover seg forpliktingane i denne avtalen.

Sentrale problemstillingar

Planprogrammet legg rammene for planarbeidet, og definerer nærmare mål og ynskte effektar. Dokumentet tek føre seg kva tema som vert vurdert i planarbeidet, kva som skal utgreiast, metode for utgreiingar, prosess for medverknad, organisering og framdrift for arbeidet. Ei

utfordring er å avgrense tema og velje dei tema der vi kan få gjort mest i høve utsleppsreduksjon og klima-tilpassing. Å klimaomstille samfunnet og fylket er ein omfattande og komplisert prosess, som det er utfordrande å handtere i ein regional plan.

Regional planstrategi set som overordna mål at fylket «*følgjer opp klimautfordringane gjennom reduksjon av klimagassutslepp og tilpassing til klimaendringane med mål som er i tråd med nasjonale og internasjonale målsetjingar, bl.a. Paris-avtalen (2015)*». I tillegg til at fylket «*deltek i bygging av verdikjedar som gjev netto nullutslepp, innan bygg og ferje/båttransport og innkjøp*».

Fylket har ein lang veg å gå for å bidra til at Noreg når dei innmeldte utsleppsmåla, med utsleppsreduksjon på 40% innan 2030. I tillegg er fylket relativt sårbart i møtet med dagens klima, noko som indikerer enno større utfordringar. For å redusere dei potensielle konsekvensane må vi sjå utsleppsreduksjon og klimatilpassing i samanheng.

3. Vurderingar og konsekvensar

Regional plan

Regional plan for klimaomstilling vert gjennomført i samsvar med Plan - og bygningslova som regional plan etter §§ 8-1 til 8-4.

Regional plan for klimaomstilling vil legge overordna føringar for klima og miljøaspekta i framtidige planar, inkl. kommunane sine eigne klimaplanar. Det er ynskjeleg at regional plan vil fungere som ein mal i utforminga av kommunale klimaplanar. I arbeidet med planen vert det lagt opp til å sikre ei brei forankring i fylkeskommunen, med andre regionale aktørar, kommunar og organisasjonar. Det blir lagt opp til møtepunkt undervegs i høyringsperiodane og under sjølve planutarbeidinga. Undervegs i arbeidet blir det viktig å samordne innhaldet i planen med andre planer under utarbeiding, som regional transportplan og strategisk plan for kysten.

Økonomi- og budsjettkonsekvensar

Arbeidet vil krevje at det blir gitt naudsynt mandat og tidsressursar til å utarbeide ei ambisiøs og framtidretta regional plan. Innspel frå høyringsrunden vil avgjere kva plantema som vert gjeldande, i tillegg til at ein betre kan definere behovet for ev. kjøp av eksterne analysar og utgreiingar. Det vert viktig å få danna seg eit tilstrekkeleg kunnskapsgrunnlag for dagens situasjon og framtidens potensiale før ein utformar planen.

Medverknad og organisering

Det er viktig med eit godt samarbeid og god dialog med organisasjonar og næringsliv, i tillegg til regional stat. Å invitere inn dei rette til å bidra til kunnskapsgrunnlaget innanfor dei ulike plantema vert difor viktig. T.d. innan landbruk så finst det klimaplanar og strategiar som er utforma av Noregs Bondelag, som vi kan bygge vidare på. Det blir viktig å kartlegge kva som allereie finst av informasjon, strategiar og framtidsplaner, for å sjå på korleis fylket kan bidra i positiv retning.

Hovudkriteriet for om vi lukkast med ein regional plan for omstilling, er om vi klarar å forankre planarbeidet internt i fylkeskommunen, i kommunane og elles i fylket. Undervegs i prosessen med å utforme ein framtidretta plan vil vi gjennomføre møter der både kommunane, regional stat, næringslivet og organisasjonar vil bli invitert inn. Ved å samle aktørar på tvers av fagområde vil det bidra til å opne opp for dialog kring plantema, og sjå det frå ulike perspektiv. Dette vil kunne opne opp for nye løysingar.

Det vil bli lagt stor vekt på formidling under vegs i prosessen, ved å legge ut relevant informasjon på www.sfj.no og på fylkeskommunen sine facebook-sider. Det vil vere ope for at alle, både lokalsamfunn og enkeltpersonar, kan gi innspel til arbeidet. Fylkeskommunen har også eit særleg ansvar for å legge til rette for å engasjere barn og ungdom i arbeidet med ny regional plan for klimaomstilling. Dagens barn og ungdom skal vere framtidens nullutsleppsmenneske.

Planarbeidet vil bli gjennomført i tett samarbeid med eksisterande regionale klimagrupper, ei intern (administrativ) klimagruppe i fylkeskommunen, med deltakarar frå dei ulike einingane, og ei regional styringsgruppe for klimasamarbeid (FK, FM og KS). Det vil vere aktuelt å utvide denne styringsgruppa under arbeidet, og i oppfølginga av regional plan for klimaomstilling. Ei av styrkene er at vi allereie har eit etablert og godt samarbeid innan klimaområdet. Sidan klimautfordringane er så store og omfattande er det avgjerande med god samhandling på dette området.

I tillegg vil det gjennom høringa av planprogrammet bli drøfta kva tema det vil vere behov for å opprette temagrupper for, inkl. kven som bør delta i desse gruppene. Internt i fylkeskommunen sin administrasjon blir det viktig å forankre klimaarbeidet i dei ulike avdelingane, slik at ein også ser att dette i framtidige planer. Fylkesrådmannen si leiargruppe vil bli nytta som ein arena for å informere om arbeidet undervegs, men også for å forankre arbeidet i dei ulike avdelingane.

4. Konklusjon

Fylkesrådmannen rår til at utkast til planprogram for Regional plan for klimaomstilling vert lagt ut til offentleg høyring. Klimaomstilling er løfta fram som ein av dei sentrale utfordringane for fylket vårt. Dette gjeld tema både innan utsleppsreduksjon og klimatilpassing. Å nå måla som er sette i Parisavtalen vert krevjande. Slik fylkesrådmannen vurderer det er det viktig at arbeidet vert godt forankra internt i fylkeskommunen, i kommunane og elles i fylket. Ei utfordring vil vere å få gjennomført nødvendige tiltak tids nok, og at dei økonomiske rammene for dette er på plass.

For å sikre ei god høyring av planprogrammet, vert høyringsfristen sett til **2. januar 2017**.